



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

Arkivsak

21/27582-1

Saksbehandler

Rønnaug Flatin

Saksgang

Hovedutvalg for kultur, folkehelse,
tannhelse og idrett

Møtedato

25.11.2021

Utviding av DKS barnehage

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett vedtek at fylkeskommunen skal tilby eit kulturprogram til barnehagar i heile fylket.
2. Hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett vedtek å omprioritere 0,5 million kroner i sektorramma til Kultur, regional identitet, idrett og friviljugheit til DKS barnehage.
3. DKS barnehage styrkast med 0,5 million kroner for 2022. Summen belastast hovudutvalets disposisjonskonto.

Bakgrunn og saksgang

Bakgrunnen for saka er at Vestfold og Telemark fylkeskommune allereie har eit kulturtilbod til barnehagar i tidlegare Telemark (989 000 kroner), medan det i Vestfold fylkeskommune ikkje har vore ei slik ordning. Enkelte av kommunane har eller har hatt egne tilbod.

Saka er ei oppfylgning av «*Vestfold og Telemark – der menneske møtes. Kulturstrategi 2021–2024*», vedtatt i Fylkestinget 19.05.21, der eit av tiltaka i kapittel 2.2.2 er å «Greie ut om det er mogleg å tilby eit kulturprogram til barnehagar i heile fylket».

Utgreiinga har så langt bestått i å gjennomføre ein pilot i samarbeid med kommunane Sandefjord, Tønsberg, Larvik, Færder, Horten og Holmestrand. Kommunekontaktane har deltatt i dialogmøte og er bindeledd ut mot barnehagane som har fått ein prøvesmak på ordninga. Målet med piloten er å få felles erfaringar som kan brukast til å organisere eit framtidig tilbod.

Utgreiinga held fram i 2022. For å gå vidare i samarbeidet om å utvikle ein felles organiseringsmodell for DKS i barnehage, er det behov for eit vedtak på om Vestfold og Telemark skal gi eit kulturtilbod til barnehagane og korleis tilbodet skal finansierast for 2022.

Saka vert avgjort i Hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett (HKFTI).

Saksopplysningar

Barnehagekonsertar var noko av det fyrste Telemarkkonsertar AS starta opp med tidleg på 1990-talet og Telemark var såleis eit av dei fyrste fylka i landet som hadde eit kulturtilbod til barnehagar. Tilbodet vart seinare framheva som eit satsingsområde i Strategi for kultur og kulturarv 2014–2025 (tiltak 3.3.7: auke talet på barnehagekonsertar) og revidert handlingsprogram 2018-2020 (Kultur, mål 1: Sikre eit godt kulturtilbod til barn og unge gjennom å [...] Oppretthalde konserttilbodet til barnehagane).

Sidan 2015 har volumet ligge på om lag 80 turnédagar per år og med ein total kostnad på omkring 1,1 millionar kroner per år ekskludert administrative kostnader. Barnehagane har bidratt med ein eigenandel på kr 750 per førestilling og fått opptil 2 kulturtilbod per år, oftast for aldersgruppa 3-6 år. Turnéane har vore spreidd over heile Telemark, og dekningsgraden har vore om lag 75% (127 av 172 registrerte barnehagar). I 2019 arrangerte fylkeskommunen 188 barnehagekonsertar for eit samla publikumstal på over 7 000 barn.

Kulturtilbodet til barnehagar er ei vidareutvikling av den tidlegare samarbeidsavtala med Rikskonsertane der Rikskonsertane blant anna dekte halvparten av turnékostnadane. Med etableringa av Kulturtanken (det statlege organet for Den kulturelle skulesekken (DKS)), som først berre hadde kulturtilbod til skulane i sitt mandat, forsvann tilskotet til barnehageordninga og mange fylke avvikla sine tilbod. Telemark valde å satse vidare for egne midlar. Frå å vere eit reint musikktilbod, visast no òg scenekunst, og møte med andre kulturuttrykk er under planlegging.

Vestfold og Telemark fylkeskommune har vore pådrivar for innføring av ei nasjonal ordning med kulturtilbod til barnehagebarn som ein del av DKS, blant anna i det administrative høyringsinnspelet frå 2019 til barne- og ungdomskulturmeldinga og i hovudutvalets oppmoding til familie- og kulturkomitéen frå mai 2021.

Hovudbodskapsen i Stortingsmelding 18 «*Opplive, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge*», vedtatt i Stortinget 08.06.2021, er at alle barn og unge, uavhengig av bustad, økonomi, funksjonsevne og bakgrunn, skal ha tilgang til eit mangfaldig kulturliv, og at kunst og kultur som blir skapt for og formidla til barn og unge er av høg kvalitet og på barnas eigne premisser.

I samband med stortingsmeldinga vart kulturtilbodet til barnehagane tatt inn i dei nasjonale måla og i tildelingsbrevet for DKS, men utan auke i tilskota. Fordelinga av spelemidlar til DKS vert framleis rekna ut frå talet på elevar i grunnskulen og i vidaregåande opplæring, og det er heller ikkje løyva eigne statlege midlar til formålet. For å oppnå tiltak og føringar i stortingsmeldinga oppmodar regjeringa til betre samordning og meir effektive løysingar lokalt og regionalt.

I fylkeskommunens kulturstrategi står det at fylkeskommunen skal greie ut om det er mogleg å tilby eit kulturprogram til barnehagar i heile fylket. Som ein del av denne utgreiinga, vert det i haust gjennomført ein pilot for å undersøke interessa i Vestfoldkommunane og -barnehagane, og teste ut ein annan distribusjonsmodell enn den vi har hatt i Telemark. Alle kommunane ynskte å delta. Medan fylkeskommunen i Telemark har tatt hand om all administrasjon og hatt direkte kontakt med barnehagane, er det i piloten tatt utgangspunkt i DKS-nettverket og prøvd ut ein modell der fylkeskommunen programmerer og kontraherer, og kommunekontaktane fordeler tilbodet og fylgjer opp turnéen i sin kommune (jamfør ein meir effektiv løysing lokalt og regionalt).

I etterkant av kulturbesøket får barnehagane tilsendt eit spørjeskjema der nokre av svarea er i fritekst og nokre graderast på ein skal frå 0 til 10, der 0 tyder «i liten grad» og 10 «i stor grad». Av

svara som er komne inn til no seier alle at kulturtilbod i barnehagen er meiningsfullt (10 poeng) og at barnehagen kan nytte seg av tilbodet, som eit supplement til egne aktivitetar, for å innfri måla i rammeplanen for barnehagar (gjennomsnittleg 9.38 poeng). Alle meiner det er svært viktig at det finst eit profesjonelt kulturtilbod til barnehagane (gjennomsnittleg 9.92 poeng).

I fritext svarar dei at slike kulturtilbod gir impulsar og inspirasjon til både barn og tilsette, sikrar eit mangfald av rike kulturopplevingar i møtet med profesjonelle kunstnarar, og gir felles opplevingar styrkar fellesskapet og utjamnar forskjellar.

Vi har fått tilsvarande tilbakemeldingar frå barnehagane i Telemark, og i distriktskommunar og grisgrendte strøk vert det i tillegg lagt vekt på at det ikkje er så mange (andre) kulturtilbod i nærleiken og at det er krevjande og dyrt med transport til meir sentrale område. Å få besøk på barnas eigen arena, der dei er trygge, er med på å heve opplevinga. På spørsmål om kor viktig det er at fylkeskommunens kulturtilbod til barnehagane held fram, på ein skala frå 1 til 5, svarer barnehagane gjennomsnittleg 4,9 (frå evalueringar i Telemark i perioden H19-V21).

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Hovudutvalets disposisjonskonto vert belasta med 0,5 million kroner, og midlane førast på en eigen prosjektkonto slik at disponeringa er sporbar.

Bruksendring av 0,5 million kroner i sektorramma til Kultur, regional identitet, idrett er mogleg som ei fylje av vedtak i HKFTI-sak 84/21.

Per i dag er det satt av 40% stillingsressurs til arbeid med kulturtilbodet til barnehagane. Ei utviding av ordninga skal skje gjennom samarbeid med kommunane og utan vekst i fylkesadministrasjonen. Saka har inga juridiske konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

DKS barnehage bidreg til sosial utjamning, fremjar inkludering og hindrar utanforskap, og er slik eit bidrag til FNs berekraftsmål nr. 10 - *Mindre ulikhet*. Tiltaket bidreg dessutan til berekraftsmål nr. 4 - *God utdanning* og berekraftsmål nr. 17 - *Samarbeid for å nå måla* – alle er prioriterte berekraftsmål i regional planstrategi og i kulturstrategien.

Vurdering frå fylkesdirektøren

«*Alle barn har rett til å delta i kunst og kulturliv*» heiter det i FN's Barnekonvensjon. Dette er ikkje avgrensa til skulebarn, det gjeld òg yngre barn. I Meld. St. 18 (2020–2021) «*Opplive, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge*» er kunst- og kulturtilbod til barnehagebarn eit prioritert tiltak, men den statlege finansieringa manglar. I kapittel 14 Økonomiske og administrative konsekvensar (s. 171) står det at tiltak og føringar i meldinga oppnåast først og fremst gjennom samarbeid og samspel mellom stat, fylkeskommune og kommune, med frivillig sektor og andre private aktørar.

Vestfold og Telemark fylkeskommune støttar opp om målet med stortingsmeldinga:

«*Målet er å gi alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang til kunst og kultur, å sikre at kunst og kultur som blir skapt for og formidla til barn og unge, er av høg kvalitet og å gi alle barn og unge moglegheita til å oppleve og å skape kultur på egne premisser*» (s. 13).

Hovudutvalet har allereie sendt ei oppmoding til Familie- og kulturkomitéen der De blant anna ber om auka tilskot til DKS og at det etablerast ei nasjonal ordning for kulturtilbodet til barnehagar med

statleg finansiering som administrerast/koordinerast på regionalt nivå. Fylkesdirektøren vonar at utvalets oppmoding fører til løyving av statlege midlar til DKS barnehage på sikt.

DKS barnehage sikrar god geografisk spreiding og mangfald i kulturtilbodet, og kan vere ein viktig «tidleg innsats» for å motverke aukande sosiale og økonomiske skilnader i samfunnet.

Kulturtankens rapport «*Kunst og kulturtilbud for barnehagebarn*» (2020) visar til forskning om utvikling av barns fysiske, språklege og kognitive evner og konkluderer med at kunst- og kulturopplevingar truleg har større effekt på små enn på eldre barn. Kulturopplevingar i barnehagen er for mange barn deira fyrste møte med profesjonell kunst og kultur, og bidreg til sosial utjamning. Dette gjeld både mellom barnehagar i same kommune og på tvers av kommunar. Ei nasjonal ordning vil kunne bøyte på sosioøkonomiske ulikskapar, i tillegg til at ho vil kunne auke profesjonaliteten og kvaliteten på tilbodet som allereie finst for nokre barn i dag. (s.31-32, «*En ønsket satsning*»).

Tilbakemeldingane frå barnehagar i både Vestfold og Telemark viser at det er eit stort ynskje om eit profesjonelt kulturtilbod for denne målgruppa. DKS barnehage kan vere eit supplement til barnehaganes eige arbeid for å nå måla i rammeplanen for barnehagar. Ved å nytte DKS-nettverket og samarbeide tett med kommunane, slik det er gjort i piloten, kan tilbodet utvidast til å omfatte heile fylket utan vekst i fylkesadministrasjonen. Kommunekontaktane vart involvert tidleg i prosessen for at fylkeskommunen og kommunane skulle forme prosjektet og eige det saman. Med ei slik arbeidsdeling sikrar ein god forankring og delar det administrative arbeidet. Om utgreiinga viser at ein slik modell er føremålstenleg, kan modellen takast i bruk i heile fylket. Den totale arbeidsmengda knytt til å gi eit tilbod til heile fylket blir om lag den same som den noverande ordninga.

Med ei ny nasjonal satsing i kjømda vil det vere betre å halde fram eller vidareutvikle tilbodet, og å vere godt førebudd, enn å avvikle nå for å starte opp att seinare. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil kunne vere eit føregangsfylke på dette området, og ei vidare satsing i vårt fylke kan vere ein utløyssande faktor eller ein katalysator for ei nasjonal ordning.

Medan vi ventar på at dei nasjonale strukturane for finansiering av kulturtilbod til barnehagar blir utvikla, kan fylkeskommunen ta rolla som regional koordinator. I samarbeid med kommunane kan fylkeskommunen få på plass ein struktur og etablere ein sekk som gradvis kan romme meir og meir. Eit slikt initiativ frå fylkeskommunen kan innebere ei startpakke for kommunane som ynskjer det, stimulere til lokale aktivitetar og vere ein berebjelke for eit meir omfattande tilbod.

Dersom Den kulturelle barnehagen/DKS barnehage ikkje styrkast med ei løyving frå staten, finst fylgjande alternativ:

- 1) Omprioritering innan budsjettet til sektor for Kultur, regional identitet, idrett og frivilligheit.
- 2) Eksisterande ramme for Den kulturelle barnehagen/DKS barnehage vert vidareført. Konsekvensen av at dagens tilbod skal fordelast på fleire er at kvalitet og frekvens vert svekka. Tilbodet vert spreidd ut over lenger tid og har mindre verdi for det enkelte barn, og forankringa i barnehagen/kommunen blir svekka når kontinuiteten vert broten. Konsekvensen av at tilbodet berre går til nokre barnehagar/kommunar er at det ikkje i sama grad bidreg til sosial og økonomisk utjamning, men heller kan forsterke ulikskapar. Då må ein òg velje om

tilbodet skal gå til store barnehagar/bykommunar der fleire barn kan nytte tilbodet, eller til små barnehagar/distriktskommunar der det er større geografiske avstandar og færre andre kulturtilbod.

3) Avvikle ordninga frå 01.07.2022, grunna allereie inngåtte avtaler.

Vedlegg:

-